



MØTEBOK

Ekstraordinær generalforsamling i Fjellstyra på Hardangervidda as

Tidspunkt: Fredag 2 desember 2016 kl 1300

Stad: Skinnarbu Hotell, Tinn

Møtedeltakarar: Vebjørn Håvardrud (ØNF), Torleif Fresvik (Røldal FS), Steinar Langesæter (Ullensv. FS), Knut Sygnestveit (Ulvik FS), Torgils Eide (HG), Marit Jortveit (Rauland FS), Eivind Tokheim (Odda FS), Sveinung Olsnes (sekretær) og Georg Gjøstein (dagleg leiar)

Forfall: Lars Kristian Eidnes (Eidfjord FS)

Andre tilstades på møtet: Stig Yngve Røkenes, Harald N. Andersen, Oluf Fønnebø, Jan Borgnes, Hans Jørgen Jahren

Saker til generalforsamlinga:

1. Godkjenning av innkalling
2. Val av møteleiar og protokollførar samt to til å underteikne protokollen
3. Vedtektsendring § 2 kontorstad- bytte av forretningsadresse

Marit Jortveit

Steinar Langesæter

Sak 1: Godkjenning av innkalling

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Vedtak:

Styret hadde ingen merknader til innkallinga. Samrøystes godkjend.

Sak 2: Val av møteleiar, protokollførar og to til å underteikne protokoll

Saksdokument:

Ingen

Sakssutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Det kom fram slikt forslag om val:

Møteleiar: Vebjørnd Håvarðsrud

Protokollførar: Sveinung Olsnes

Underteikning av protokoll: Marit Jortveit og Steinar Langesæter

Vedtak:

Møteleiar: Vebjørnd Håvarðsrud

Protokollførar: Sveinung Olsnes

Underteikning av protokoll: Marit Jortveit og Steinar Langesæter

Samrøystes

Sak 3: Vedtektsendring § 2 kontorstad- bytte av forretningsadresse

Saksdokument:

2016.10.31.2.23 Johre Revisjon vedrørende forretningsadresse for FHas

2016.10.31.2.23 spørsmål til Johre Revisjon vedrørende forretningsadresse for FHas

Sakssutgreiing:

Fjellstyra på Hardangervidda as er definert som ei ambulerande verksemd. Fram til ei regelendring som kom 01.01.16 så skulle ein betale arbeidsgjevaravgift med den satsen som gjaldt for kommunane der arbeidet vart utført. Dette er sone 2. med, unntak av arbeidet dagleg leiar utfører i Voss kommune som ligg i sone 1. Dei nye reglane medfører at all arbeidsgjevaravgift skal vera i same sone som hovudkontoret og dette medfører ein meirkostnad i storleiksorden kr 80.000,- Rekneskapsfører og dagleg leiar vart gjort merksame på dette av revisor i oktober 2016.

Ved å flytte hovedkontoret til Ulvik som ligg i sone 2 vil ein unngå denne meirkostnaden. Postadressa må vera i Ulvik og dagleg leiar må opphalde seg noko der. Det er drøfta med Ulvik fjellstyre at selskapet kan ha felles kontor i Ulvik. Samstundes beheld ein kontoret på Voss som eit bikontor til bruk for dagleg leiar storparten av tida. Revisor finn ikke noko lovverk som styrer kor mykje dagleg leiar må opphalde seg på hovudkontoret i høve til eit bikontor. Utgangspunkt for tjenestereiser for dagleg leiar blir flytta frå Bu til Ulvik. Reisekostnader for reisa Voss til Ulvik er privat arbeidsreise som dagleg leiar kostar sjølv.

Framlegg til vedtak:

Forretningsadressa og § 2 i vedtektene til selskapet blir endra. Ny § 2 får denne ordlyden : Selskapet sitt hovudkontor er i Ulvik i Hordaland.

Referat:

Gjennomgang av saka ved dagleg leiar.

Vedtak:

Forretningsadressa og § 2 i vedtektene til selskapet blir endra. Ny § 2 får denne ordlyden : Selskapet sitt hovudkontor er i Ulvik i Hordaland.

Samrøystes